

Velkommen til konfirmasjon i 2023!

Kjære ungdom!

Vi inviterer deg med dette til konfirmasjon i Ulstein kyrkje


Vi gler oss til å gje deg og foreldra dine meir informasjon om kva det vil seie å vere konfirmant. Difor håper vi de kan kome på infosamling i kyrkja **onsdag 01. juni kl. 18.00**. Der vil du få meir informasjon om konfirmantåret, og du får sjansen til å spørje om alt du lurar på som har med konfirmasjon å gjere. Konfirmasjon finn stad i Ulstein kyrkje laurdag 9. og søndag 10. september 2023, med eit avgrensa antal plasser på kvar gudsteneste. Val av konfirmasjonsdato og klokkeslett gjer de i påmeldingsskjemaet. MERK at når ei konfirmasjonsgudsteneste er full, må de velje ei av dei andre gudstenestene.

Påmelding skjer på: <https://minkirkeside.no/Ulstein/> Følg instruksjonane der.

For å bli konfirmert må du følgje den obligatoriske konfirmantundervisninga. Mykje av denne undervisninga foregår på leir. Difor må konfirmantane prioritere å delta på ein av desse to leirane: **Anten fredag til tysdag i vinterferien (17.-21. februar 2023), eller i starten av sommarferien (23.-27. juni 2023)**. Meir info om leir får de seinare.



**Velkommen til leir,
gudsteneste, diskusjon,
undervisning, bibel,
bøn, lystenning,
leik, fellesskap,
gode opplevingar
... og mykje meir!**



Konfirmasjonstida har samlingar gjennom 10 månadar der ein blir kjent med kvarandre og snakkar om aktuelle spørsmål om livet og den kristne trua. Sjølve konfirmasjonsdagen er ei forbønshandling for den einskilde, og ein festdag for konfirmanten og dei som står konfirmanten nær.

Konfirmantåret er ein del av kyrkjelyden si trusopplæring der vi ynskjer å ta ansvar for det løftet vi gav saman med foreldre og fadrar ved døypefonten. Sjølve ordet konfirmasjon tyder stadfesting. Vi vil stadfeste at Jesu ord ved døypefonten framleis gjeld: "Sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står." Er du ikkje døypt? Du er sjølv sagt velkomen til å vere med i konfirmantundervisninga likevel, og til samtale om eventuell dåp.

Velkomen som konfirmant i Ulstein kyrkje!

Venleg helsing
Ulstein sokn

Bjørn Losvik


Bjørn Losvik
Kateket
bl669@kyrkja.no/90580051

Ingrid Madli Sæter

Ingrid Madli Sæter
Kyrkjelydspedagog
im678@kyrkja.no/47401349

Margit Lovise Flore

Margit LOVISE FLORE
Sokneprest
mh227@kyrkja.no/90591123

Ulstein kyrkjekontor, Sjøgata 61, Pb.143, 6067 Ulsteinvik. Tlf. 700 17680
www.ulsteinkyrkje.no -  Ulstein kyrkje - post.ulstein@kyrkja.no



ULSTEIN KYRKJE
Saman på ferda

Viktige datoar 2022/2023

01. juni 2022 kl 18.00

Informasjonsmøte for konfirmantkullet 2022/2023 i Ulstein kyrkje. Møt saman med føresette.

Søndag 23. oktober 2022:

Kl. 18.00: Presentasjonsgudsteneste for alle konfirmantar (offisiell oppstartsmarkering) i Ulstein kyrkje for alle konfirmantar.

SUPERTORS DAG

01. desember 2022:

Kl. 14.00 – 17.00: Temasamling pluss førebuing til lysmessa.

Søndag 04. desember 2022

Kl. 17.00: Lysmesse i Ulstein kyrkje.

VINTERLEIR

Orreneset, 17. - 21. februar 2023

SOMMARLEIR

Orreneset, 23. - 27. juni 2023

FASTEAKSJONEN - Kirkens Nødhjelp

Søndag 26. mars 2023 Kl. 11.00:
Gudsteneste m/ tema Fasteaksjonen.

Tysdag 28. mars 2023

Konfirmantane går med innsamlingsbøsser. Oppmøte etter avtale.

**Laurdag 09. september 2023 og
Søndag 10. september 2023**

Konfirmasjonsgudstener i
Ulstein kyrkje.


Kostnadar:

Eigenbetalinga er på kr. 2200,- for kvar konfirmant. Dette er til dekning av ulikt undervisningsmateriell/servering gjennom året/busstransport og leir-oppald. Faktura vil bli sendt ut frå kyrjekontoret januar 2023.

Om de opplever at dette er utfordrande for familieøkonomien, så ta kontakt med kyrjekontoret. Dette behandlast konfidensielt. Vi ynskjer ikkje at eigenbetaling skal vere til hinder for deltaking i konfirmantåret.



Konfirmant 2023



ULSTEIN KYRKJE
Saman på ferda

Følg instruksjonane du får - og er du i tvil om noko, ta kontakt på tlf. 905 80 051.

<https://minkirkeside.no/Ulstein/>

Påmeldinga til konfirmantåret 2022/2023 er no opna:

Velkomen som konfirmant i Ulstein kyrkje!



Har du spørsmål om konfirmantåret?

Ta gjerne kontakt med oss på Ulstein kyrkjekontor!

700 17 680 / 905 80 051 - post.ulstein@kyrkja.no